



Aurland kommune

Teknisk

NOTAT

Arkivsaknr.:
2019000806-11

Arkiv
K2-A10, K3-&40

Sakshandsamar
Jan Olav Åsarmoen Møller, 45978522

Dato
28.06.2020

Bygging av ny barnehage i Aurland - samandrag frå møte med interessegruppa 23.06.2020

Dato: 23.06.2020
Tid: 10.00 – 12.00
Referent Jan Olav Å. Møller

Møte nr: 2

Stad: Kommunestyresal, Aurland rådhus.

Til stades: Reinhardt Sørensen Reinhardt.Sorensen@aurland.kommune.no;
Kjell Tokvam kjell@tokvam.net;
Jan Olav Å. Møller jom@aurland.kommune.no;
Marianne Christensen Marianne.Christensen@aurland.kommune.no;
Elisabeth Øynebråten elisabeth.oynebraten@aurland.kommune.no;
Beathe Ekhall Stentvedt Beate.Ekhall@aurland.kommune.no;
Runar Elgåen runar.elgaen@aurland.kommune.no;
Hege Loven Hege.Loven@aurland.kommune.no;
Therese Vindedal Therese.Vindedal@aurland.kommune.no;
Charlotte Lunde Hagen charlotte.hagen@aurland.kommune.no;
Ola Bjørgum Ola.Bjørgum@aurland.kommune.no
Kari Johnsen Kari.Johnsen@aurland.kommune.no
Kopi til: Ingrid Steine Bortne ingrid.steine.bortne@aurland.kommune.no;
Steinar Søgaard steinar.sogaard@aurland.kommune.no;
Anja Marken anja.marken@aurland.kommune.no;
Intern ressursar Teknisk eining;

Samandrag

Ansvare / frist

Gjennomgang av tidlegare møtereferat og status:

Det vart utarbeidd eit konkurransegrunnlag der det blant anna vart lagt vekt på

- Erfaring og referanseprosjekt.
- Kompetanse og tilbydd personell.

Vi fekk inn 17 tilbod. Enda opp med Artec AS i Bergen, som hadde tre svært gode referanseprosjekt. Klage på tildeling av oppdrag som vart handsama og avslutta.

Nokre viktige punkt å merke seg frå reguleringsplan og prosess:

Barnehagane var lite involvert. Det var fokus på å redusere inngrep på dyrka mark og ein enda opp med byggegrense som vedteke i plankart, med opning for barnehagebygg i to etasjar.

Viktige tema/føringar frå førre møte:

Viktig med fokus på skjerming mot «dalatrekk» i vidare prosjekteringsarbeid. Drøfting av etasjetal. Det var eit klart ønske frå barnehagane om å ikkje ha to etasjar, men barnehage i ein etasje.

Gjennomgang av prosjektert løysing:

Barnehage i ei høgd. Uteområde solvendt, bygg lagt mot grense mot SJH. Tilkomst på solvendt side som ligg sjerma til i høve dalatrekk. 4 avdelingar, tilrettelagd for to til dersom det blir behov.

Solstudie:

Artec AS har gjennomført solstudie som syner korleis sol/skugge vil vere i mars og juni, kl 10, 12 og 15.

Utomhusplan.

Uteområde er skjerma mot fylkesvegen ved utforminga av bygg og portløysing, men er litt støy frå E16. Dette er løyst med jordhaug. Har overskotsmassar frå ombygging av AIS(symjehall) som kan nyttast til jordhaugar.

Illustrasjonar og perspektiv:

Viktige punkt som vart omtalt i møte var innebygd avfallsstasjon, overbygd sandkasse, sykkelparkering, innkøyningsport og sluse.

Planløysing:

Det har vore køyrd intern prosess i barnehagen i høve planløysingar: Teikningane vart sendt ut til tilsette med høyringstid; I høyringa kom det ønske om kjøken inn på avdelingane i staden for felles.

Planløysinga viser at det på første avdeling er kontor, sosial sone, møterom og teknisk rom. Bakgrunn for plasseringa er at ein ynskte desse funksjonane næraast mogleg parkeringsplass/rundkøyring for å spare trafikk inn på avdelinga. Småbarnsavdelinga er plassert næraast personalrom, med soveplass for barnevogn, to småbarnsavdelingar med felles inngang, grov garderobe og so ein fin garderobe. Det er lagt opp til felles areal, amfi, prosjektrrom midt på bygget. Vidare kjem to store avdelingar. Kjøkenløysing på kvar avdelinga, kan endrast dersom ein finn dette tenleg.

Byggjesøknad:

Desse skissene ligg ved byggjesøknad som er sendt inn. Konkret er det søkt om rammeløyve som omhandlar dei ytre rammer for tiltaket. Det blir parallelt med byggjesøknadsprosess gjennomført ein mindre endring av plan for å justere byggegrense. Intensjon om å starte so tidleg som mogleg på hausten.

Semje om avtaleskjønn:

Det har vore gjennomført forhandlingar om kjøp av grunn frå Vestland Fylkeskommune. Partane vart ikkje samde om vederlag for arealet, og det er difor signert avtale om førehandsovertaking og avtaleskjøn. Dette inneber konkret at eigaren gjev kommunen løyve til å tiltre naudsynt grunn av eigedomen for å gjennomføre bygging av nye barnehage og at anleggssarbeidet kan settast i gang. Vederlag for arealet skal fastsetjast ved rettsleg skjøn. Kommunen arbeider no med eit krav om avtaleskjøn til tingretten.

Drøftingar og innspeil i møte:

Gangsamband/parkering/søppelhandtering/uteområde m.fl.

Reguleringsplanen legg til rette for gangveg, parkering, utviding av veg frå Hopen. Gruppa kom med signal om at ein må ha god tilkomst frå AIS, med portløysing. Vidare må det finnast løysing for søppelhandtering i området mellom ABU og AIS. Det kan bli ein utfordring med rundkøyringa, i høve stopp for henting/levering. Viktig å etablere gode vanar frå starten av i høve parkering og henting.

Uteområde blir det fleire rundar på. Dette er skisser for prisgrunnlag. Kan gjere tilpassingar. Viktig å leggja vekt på dei tilsette sine vurderingar i høve inneområde og uteområde, då dei har erfaringar med kva ungane likar og gjer. Det blir difor eit eige møte i høve detaljering utomhus osv saman med arkitekt. Teknisk legg opp til synfaring og møte med skular og barnehage til hausten.

Vi bør elles ha inventar som eit eige prosjekt, vanskeleg å ta inn i total pakke. Inventar blir nytt. Kontorutstyr som er relativt nytt kan takast med, eige dialog på dette. Barnehagane lagar liste på kva som kan vera med.

Ladepunkt for bil må vera med i anbodet.

Økonomi i prosjektet:

Vi får reduserte kostnadar ved å bygge i ein etasje. Bygget blir mindre komplisert.

Temperatursoner:

Ynskje om løysing for ulik temperatur frå avdeling til avdeling. Småbarn/storbarn. Dette får ein eit eige styringssystem for . Elles blir det lagt til rette for golvvarme og solskjerming.

Fargeval osv kjem litt seinare i prosessen.

Fordel med personalavdeling med eiga inngang, skjerma frå resten av barnehagen og avdelingane, sluse med dobbelinngang inn til sjølvé barnehagen.

Prosjektteikningar skal sendast til miljøretta helsevern for godkjenning.

Informasjon om status og framdrift for ny barnehage, med føreliggjande skisser, skal leggjast på heimesida til kommunen.

Vi må også få ut informasjon om naudsynt arbeid som må gjerast i høve veg, fortau m.m og som vil føre til ein del endringar i høve logistikk og trafikk i byggefase.

Skisser og oppdatert styringsdokument ligg som vedlegg til referatet.

Jan Olav Åsarmoen Møller
Ingeniør

Vedlegg:

- 28.06.2020 Fasader
- 28.06.2020 Illustrasjoner
- 28.06.2020 Situasjonsplan
- 28.06.2020 Solstudie
- 28.06.2020 Utomhusplan
- 28.06.2020 Planteikning
- 28.06.2020 Styringsdokument - ny barnehage v1_3

Kopi til:

Anja Marken

Beathe Ekhall Stentvedt

Marianne Christensen

Reinhardt Sørensen

Steinar Søgaard

5745 AURLAND